

Referat- møte i Ungdomsrådet 10.02.22

PS 1/2022

Tokke Ungdomsråd fekk ein god presentasjon frå Benedikte Nes og Per Wraa, medlemmar i arbeidsgruppa for klimaplanen. Tiltaksdelane av planen blei gjennomgått av koordinator for Ungdomsrådet etter presentasjonen.

Klimaplanen er eit stort dokument som er omfattande for ungdom å sette seg inn i. På eit generelt grunnlag vil Ungdomsråd (på linje med Fyresdal Ungdomsråd) oppfordre til at det leggjast til rette for betre informasjonsformidling av politiske saker. Ein vil utfordre sakshandsamarar på å tilpasse innhaldet i politiske saker for å nå ungdom som målgruppe.

Uttale til klimaplanen

Tokke ungdomsråd meiner måla og forslag til tiltak i klimaplanen er gode og støttar dei. Ein skulle ønskje at alle elevråd og ungdomsråd hadde fått ei meir aktiv rolle tidlegare i prosessen med planen, då dette er eit svært meningsfylt tema, som i stor grad vil påverke dei i framtida.

Ungdomsrådet meiner det er viktig at planen har ei lokal tilpassing, som tar omsyn til kultur og tradisjonar. Ein må ha som målsetting å ikkje støyte frå seg interessegrupper når ein vel tiltak. I regionen har mange eit nært forhold til tradisjonelle reiskap som brukar fossilt brensel.

Ein ønskjer at klimaplanen har ein praktisk kopling, med gode lokale døme frå regionen, framfor formaningar om personlege tiltak.

Ungdomsrådet ønskjer at kommunane har eit auka fokus på utvikling av skogbruket og vasskraft som fornybare ressursar, og at dei legg til rette for aktiv forvaltning av skog, biokraft, og lokal foredling av materialar. Ungdom bør få moglegheit til å lære om dette gjennom ekskursjonar i skuletid og gjennom sommarjobbar (t.d. ungsogpleie). Ein ønskjer kommunale stønadsordningar for tilbydarar av slike jobbar.